

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 09.04.2008 **Tid:** 14.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7, inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
Gunnar Bruvik

**I staden møtte:**  
Jon Magne Bogevik

Før møtet starta var utvalet på synfaring i samband med sakene 4, 14 og 19/08.

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ordførar og adm.sjef.

Konsulent på landbrukskontoret Åsmund Austrheim møtte under handaming av sak 15/08.

Avd. ing. John Inge Sandvik møtte under handsaming av sak 04/08

Miljø- og plankonsulent Karen Tvedt var med under handsaming av sakene 9 -23 /08

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10. april 2008

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Sture Tveit reagerte på lang sakliste samt at vedlegga var dårleg merkja.

Innkalling og saklista vart samrøystes vedtekne.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes vedteken.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Sture Tveit** viste til aukande bruk av 4-hjulskjøretøy (ATV) i utmark/friområda. Han etterlyste informasjon om kva reglar som gjeld for bruken.

Administrasjonen vil senda ut slik informasjon med referatet.

**Jon Magne Bogevik** reagerte på at einskilde sakshandsamarar nyttar "eg" i utgreiinga. Han meiner det er rettare å nytta administrasjonen eller liknande.

**Bjørn Sævild** ba om at kommunen sikrar stien som går frå Lønnebakken og opp over mot Myra/Fitjavatnet.

**Sigmund Dyrhovden** ber om at kommunen prioriterar å rusta opp Prestastien.

Administrasjonen viste til arbeidet som er gjort, m.a. den innsatsen innbyggjarar på Ådland gjorde i samband med jubileumsveka i 2007. Kommunen løyvde då midlar til grus, røyr. Skal Prestastien haldast vedlike på eit høgt nivå og evt. også opprustast, må det løyvast ekstra midlar. Det er mange stiar i kommunen som har behov både for opprusting og skilting. Det bør vurderast kor stort det kommunale engasjementet skal vera, og det bør lagast ei prioritering av stiane.

Sture Tveit viste til at Bergen og Omland Friluftsråd har teke på seg ansvar for Prestastien.

Han ville rette ein førespurnad til BOF for å få avklara kva arbeid dei vil utføra.

Sigmund Dyrhovden orienterte om at han hadde informasjon om at idrettslaget gjerne kunne gjera ein innsats på denne vegen.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Det vart stilt spørsmål om eit par av dei delegerte vedtak.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0004/08	08/00089 <b>VURDERING AV STATUS PÅ PRIVAT VEG.</b>
0005/08	05/00188 <b>SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSFØRESEGNER FOR BYGGING REISVERKSHYTTER I DEL AV EIKEDALEN HYTTETUN</b>
0006/08	07/00436 <b>SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN FOR BYGGING AV VEG TIL HYTTE PÅ GNR.4 BNR.53.</b>
0007/08	08/00035 <b>DISPENSASJON FRÅ GJELDANDE KOMMUNEPLAN GNR 33, HØYSÆTER. SØKNAD OM TILSAGN FOR BYGGJELØYVE FOR 4 HYTTER</b>
0008/08	08/00038 <b>SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN OG SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.18 BNR.1 REISTAD.</b>
0009/08	08/00057 <b>DELINGSSAK GNR 26, BNR 27. HAGAMULEN, NAUSTETOMT</b>
0010/08	08/00058 <b>DELINGSSAK GNR 31, BNR 1. - FESTETOMT V/FISKEVATN</b>
0011/08	08/00079 <b>DELINGSSAK GNR 24, BNR 8. - GJERDE</b>
0012/08	08/00114 <b>DELINGSSAK GNR 24, BNR 6. - GJERDE DELING AV NAUSTTOMT</b>
0013/08	08/00115 <b>FRÅDELINGSSAK GNR 23, BNR 3. HAUKANES</b>

- 0014/08 08/00138  
**SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR.24 BNR.9  
BUSTADBYGGING, DISPENSASJON FRÅ 25 METERS  
BYGGEGRENSE**
- 0015/08 08/00084  
**TILSKOTMIDLAR TIL SMIL & NMSK - NY  
TILTAKSSTRATEGI FOR TILDELING 20**
- 0016/08 08/00152  
**SØKNAD OM KONSESJON PÅ OVERTAKING AV FAST  
EIGEDOM GNR 4 BNR 4 - GUNN ØSTVIK PETERSEN**
- 0017/08 08/00153  
**SØKNAD OM UTSETTING/FRITAK AV BUPLIKTA PÅ GNR  
43, BNR 7 MICHELLE KOLLBOTN**
- 0018/08 98/00449  
**DYREVERN - SØKNAD OM UTSETT FRIST FOR FJERNING  
AV PIGGTRÅD I GJERDE**
- 0019/08 08/00154  
**ENDRING AV REGULERINGSPLAN BUSTADFELT  
STEINSLAND OPPSTART AV ARBEIDET**
- 0020/08 06/00530  
**INNSPEL FRÅ SAMNANGER KOMMUNE OM REGIONAL  
HAMN**
- 0021/08 99/00813  
**KAMPANJE COUNTDOWN 2010 BIOLOGISK MANGFOLD**
- 0022/08 07/00025  
**GODKJENNING AV FRAMLEGG TIL STRANDSONEPLAN**
- 0023/08 08/00151  
**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ  
REGULERINGSFØRESEGNER SØKNAD OM  
BYGGJELØYVE FOR 2 MANNSBUSTAD PÅ GNR.18 BNR.203  
STØLEN**

0004/08

## **VURDERING AV STATUS PÅ PRIVAT VEG.**

### **Framlegg til vedtak::**

Vegen rundt Barnehagen, med avstikkar til Lønnebakken blir kommunal. Den skal skiltast som gangveg med mogelegheit til å kjøyra til eigedomane.

### **Handsaming i møte:**

**Sigmund Dyrhovden** sette fram slikt tillegg til framlegg til vedtak:

Det skal vurderast å setja opp fysiske stengsel i vegen rundt barnehagen.

Utvalet røysta samrøystes for framlegg til vedtak.

Ein røysta mot tillegget frå Dyrhovden og 6 for.

### **Vedtak:**

Vegen rundt Barnehagen, med avstikkar til Lønnebakken blir kommunal. Den skal skiltast som gangveg med mogelegheit til å kjøyra til eigedomane.

Det skal vurderast å setja opp fysiske stengsel i vegen rundt barnehagen.

0005/08

## **SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSFØRESEGNER FOR BYGGING REISVERKSHYTTER I DEL AV EIKEDALEN HYTTETUN**

### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsføresegnene til reguleringsplan for Eikedalen hyttetun, for bygging av reisverkshytter på tomtane 16,19, 21, 22, 23, 32 og 33.

Dispensasjon er gjeve i samsvar med søknad. dgs.25.01.08.

### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsføresegnene til reguleringsplan for Eikedalen hyttetun, for bygging av reisverkshytter på tomtane 16,19, 21, 22, 23, 32 og 33.

Dispensasjon er gjeve i samsvar med søknad. dgs.25.01.08.

0006/08

**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN FOR BYGGING AV VEG TIL HYTTE PÅ GNR.4 BNR.53.**

**Framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for vegbygging fram til hytte på gnr.4 bnr.53.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for veg over gnr.4 bnr.4 frå privat veg til bnr.53.

Før bygging startar skal det vera dokumentert skriftleg rett til å nytta den private vegen og rett til å byggja ny veg på bnr.4. Det må sendast nabovarsel til eigar av gnr.4 bnr.81

Dokumentasjonen skal vera levert Samnanger kommune før vegbygginga startar.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

**Olaug Øystese** sette fram slikt tillegg til vedtak:

Om mogeleg ønskjer Naturutvalet å flytta vidare avkjørsle for hytte på gnr. 4 bnr. 53 litt nærare nabogrensa på gnr 4 bnr. 81. Dette for å behalda arealet mellom eksisterande bolighus mest mogeleg "heil".

Framlegg til vedtak med tillegget frå Øystese vart samrøystes vedteke .

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for vegbygging fram til hytte på gnr.4 bnr.53.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for veg over gnr.4 bnr.4 frå privat veg til bnr.53.

Før bygging startar skal det vera dokumentert skriftleg rett til å nytta den private vegen og rett til å byggja ny veg på bnr.4. Det må sendast nabovarsel til eigar av gnr.4 bnr.81

Dokumentasjonen skal vera levert Samnanger kommune før vegbygginga startar.

Om mogeleg ønskjer Naturutvalet å flytta vidare avkjørsle for hytte på gnr. 4 bnr. 53 litt nærare nabogrensa på gnr 4 bnr. 81. Dette for å behalda arealet mellom eksisterande bolighus mest mogeleg "heil".

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0007/08

**DISPENSASJON FRÅ GJELDANDE KOMMUNEPLAN GNR 33, HØYSÆTER. SØKNAD OM TILSAGN FOR BYGGJELØYVE FOR 4 HYTTER**

**Framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for hyttebygging på gnr.33 bnr.116, 117,139 og 74 og 75 Høysæter.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.18.01.08  
Før bygging startar skal det vera gjeve byggjeløyve for kvar enkelt hytte.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for hyttebygging på gnr.33 bnr.116, 117,139 og 74 og 75 Høysæter.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.18.01.08

Før bygging startar skal det vera gjeve byggjeløyve for kvar enkelt hytte.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0008/08

**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN OG SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.18 BNR.1 REISTAD.**

**Framlegg til vedtak::**

Ein kan ikkje sjå at søknaden inneheld særlege grunnar som tilseier at det kan gjevast dispensasjon frå stadfest kommuneplan.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det ikkje gjeve byggjeløyve for hytte på gnr.18 bnr.1 reistad.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Ein kan ikkje sjå at søknaden inneheld særlege grunnar som tilseier at det kan gjevast dispensasjon frå stadfest kommuneplan.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det ikkje gjeve byggjeløyve for hytte på gnr.18 bnr.1 reistad.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0009/08

### **DELINGSSAK GNR 26, BNR 27. HAGAMULEN, NAUSTETOMT**

#### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå bebyggelsesplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell frå gnr 26 bnr 27. Tilgong og parkering må vurderast nøye før eventuell sal av tomtar og/eller bygging av naust. Området bør vurderast i strandsoneplanen iht. bruk av parsellen til naustformål.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå bebyggelsesplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell frå gnr 26 bnr 27. Tilgong og parkering må vurderast nøye før eventuell sal av tomtar og/eller bygging av naust. Området bør vurderast i strandsoneplanen iht. bruk av parsellen til naustformål.

0010/08

### **DELINGSSAK GNR 31, BNR 1. - FESTETOMT V/FISKEVATN**

#### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for festetomt nr.1 frå gnr 31 bnr 1. Tomta skal tilpassast med omsyn til Fiskevatn (dvs. 30 m frå vatnet) og myr område i nærleiken.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Med heimel i § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for festetomt nr.1 frå gnr 31 bnr 1. Tomta skal tilpassast med omsyn til Fiskevatn (dvs. 30 m frå vatnet) og myr område i nærleiken.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12.



0011/08

**DELINGSSAK GNR 24, BNR 8. - GJERDE**

**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parsell til bruk som tilleggsareal frå gnr 24 bnr 8.

På bakgrunn av planstatus til området der omsøkte parsellar ligg, har landbrukskontoret ikkje noko merknader til deling.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parsell til bruk som tilleggsareal frå gnr 24 bnr 8.

På bakgrunn av planstatus til området der omsøkte parsellar ligg, har landbrukskontoret ikkje noko merknader til deling.

0012/08

**DELINGSSAK GNR 24, BNR 6. - GJERDE**

**DELING AV NAUSTTOMT**

**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell frå gnr 24 bnr 6.

**Handsaming i møte:**

**Olaug K Øystese** sette fram slikt tillegg til framlegget.

Areal til parkering må visast før event. byggjeløyve vert gjeve.

Ved røysting alternativ over framlegg til vedtak med tillegget og utan tillegget røysta alle for framlegget med tillegget.

**Vedtak:**

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell frå gnr 24 bnr 6.

Areal til parkering må visast før event. byggjeløyve vert gjeve.

0013/08

### **FRÅDELINGSSAK GNR 23, BNR 3. HAUKANES**

#### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell frå gnr 23 bnr 3.

Deling kan også godkjennast etter jordlova § 12.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell frå gnr 23 bnr 3.

Deling kan også godkjennast etter jordlova § 12.

0014/08

### **SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR.24 BNR.9 BUSTADBYGGING, DISPENSASJON FRÅ 25 METERS BYGGGEGRENSE**

#### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 24 bnr 9.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Jon Magne Bogevik** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert med heimel i § 7 i plan- og bygningslova gjeve dispensasjon frå kommuneplanen. Med heimel i § 63 og § 20-4 i pl. og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 24 bnr 9.

2 røysta for framlegget frå Bogevik og 5 for framlegg til vedtaket.

#### **Vedtak:**

Med heimel i § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 24 bnr 9.

0015/08

**TILSKOTMIDLAR TIL SMIL & NMSK - NY TILTAKSSTRATEGI FOR  
TILDELING 2008 - 2010**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune godkjenner tiltaksstrategi for midlane til Spesielle miljøtiltak (SMIL) og Nærings og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) i Fusa, Os og Samnanger 2008-2010 slik han er framlagt av administrasjonen.

Vedtaket er heimla i *Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1* og *Forskrift om nærings og miljøtiltak i skogbruket §1*.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune godkjenner tiltaksstrategi for midlane til Spesielle miljøtiltak (SMIL) og Nærings og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) i Fusa, Os og Samnanger 2008-2010 slik han er framlagt av administrasjonen.

Vedtaket er heimla i *Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1* og *Forskrift om nærings og miljøtiltak i skogbruket §1*.

0016/08

**SØKNAD OM KONSESJON PÅ OVERTAKING AV FAST EIGEDOM  
GNR 4 BNR 4 - GUNN ØSTVIK PETERSEN**

Samnanger kommune gjev konsesjon til Gunn Østvik Petersen for å overta gnr.4 bnr. 4 med vilkår om bu- og driveplikt.

Vedtaket har heimel i konsesjonslov §§ 1 og 6.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune gjev konsesjon til Gunn Østvik Petersen for å overta gnr.4 bnr. 4 med vilkår om bu- og driveplikt.

Vedtaket har heimel i konsesjonslov §§ 1 og 6.

0017/08

**SØKNAD OM UTSETTING/FRITAK AV BUPLIKTA PÅ GNR 43, BNR 7  
MICHELLE KOLLBOTN**

**Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune gjev utsetting av buplikt til Michelle Kollbotn i 5 år til august 2011.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§ 1 og 5.

**Handsaming i møte:**

Leiar Olaug Øystese ba om å få vera ugild ved handsaming av denne saka. Ho er tante til søkjar. Sidan nestleiar ikkje var til stades på møte, ba foreslo ho at utvalet vurderte om Sture Tveit kunne leia møtet i denne saka.

Øystese gjekk frå møtet.

Sture Tveit leia møtet.

Utvalet vedtok samrøystes at Øystese skulle vera ugild ved handsaminga.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Samnanger kommune gjev utsetting av buplikt til Michelle Kollbotn i 5 år til august 2011.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§ 1 og 5.

0018/08

**DYREVERN - SØKNAD OM UTSETT FRIST FOR FJERNING AV PIGGTRÅD I  
GJERDE**

**Framlegg til vedtak:**

Reidun Langeland får utsetjing av fristen til å fjerna piggtråd til 1.sept. 2008, i samråd med søknad av 17.03.08.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Utvalet ba og om at kommunen informerte i Samningen nok ein gang om forbodet.

**Vedtak:**

Reidun Langeland får utsetjing av fristen til å fjerna piggtråd til 1.sept. 2008, i samråd med søknad av 17.03.08.

0019/08

**ENDRING AV REGULERINGSPLAN BUSTADFELT STEINSLAND  
OPPSTART AV ARBEIDET**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert starta opp eit arbeid med endring av reguleringsplan for bustadfelt Steinsland.

Gjeldande plan vert endra ved at delar av 25/1 ved ballplassen og 25/124 vert omgjort frå

felles areal til byggjeføremål og 25/101 vert omgjort frå skogsareal til byggjeføremål. Viktige stiar for ålmenta må takast vare på.

#### **Handsaming i møte:**

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg:

Det vert starta arbeid med endring av reguleringsplan for bustadfelt Steinsland. Gjeldande plan vert endra ved at 25/1 vert omgjort frå felles areal til byggjeføremål og 25/101 vert omgjort frå skogsareal til byggjeføremål. Viktige stiar for ålmenta må takast vare på.

Det vart røysta alternativ over dei to framlegga.

5 røysta for framlegg til vedtak og 2 for framlegget frå Sture Tveit.

#### **Vedtak:**

Det vert starta opp eit arbeid med endring av reguleringsplan for bustadfelt Steinsland. Gjeldande plan vert endra ved at delar av 25/1 ved ballplassen og 25/124 vert omgjort frå felles areal til byggjeføremål og 25/101 vert omgjort frå skogsareal til byggjeføremål. Viktige stiar for ålmenta må takast vare på.

0020/08

### **INNSPEL FRÅ SAMNANGER KOMMUNE OM REGIONAL HAMN**

#### **Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

#### **Handsaming i møte:**

**Jon Magne Bøgevik** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune melder si interesse for regional hamn.

Skarsvågen – Liudden

Jaktahamn – Sagen.

**Sigmund Dyrhovden** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ynskjer ikkje regional hamn for Bergen i Samnangerfjorden.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. 5 røysta for framlegget frå Dyrhovden og 2 for framlegget frå Bøgevik

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune ynskjer ikkje regional hamn for Bergen i Samnangerfjorden.

0021/08

## **KAMPANJE COUNTDOWN 2010 BIOLOGISK MANGFOLD**

### **Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune vert med i kampanjen "Countdown 2010" og skriv under deklarasjonen samt følgjar opp i praktisk politikk. Samnanger kommune vil også følgje opp forpliktingar og kampanjen gjennom tilrådde bidrag og tiltak.

### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Samnanger kommune vert med i kampanjen "Countdown 2010" og skriv under deklarasjonen samt følgjar opp i praktisk politikk. Samnanger kommune vil også følgje opp forpliktingar og kampanjen gjennom tilrådde bidrag og tiltak.

0022/08

## **GODKJENNING AV FRAMLEGG TIL STRANDSONEPLAN**

### **Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding

### **Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta saka, men dei valde mot ei røyst å utsetja saka til eit nytt ekstra møte i utvalet.

### **Vedtak:**

Saka vart utsett.

0023/08

## **SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSFØRESEGNER SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR 2 MANNSBUSTAD PÅ GNR.18 BNR.203 STØLEN**

### **Framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kravet om einebustad for bygging av 2 mannsbustad på gnr.18 bnr.203 tomt nr.4 i reguleringsplan for Stølen.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for 2 mannsbustad på gnr.18 bnr.203, tomt nr.4 i reguleringsplan for Stølen.

Løyvet er gjeve i samsvar med dgs.28.03.08.

Søknader om ansvarsrettar er godkjent og fylgjer underteikna i retur.

Bustadane skal knytast til offentleg vass- og avløpsanlegg.

**Handsaming i møte:**

Bjørn Sævild ba om å få vera ugild. Han gjekk frå møtet ved handsaming av spørsmålet. Utvalet vurderte spørsmålet. Utvalet vedtok mot ei røyst at Bjørn Sævild skulle vera ugild. Det vart reist spørsmål ved om Gunnveig Loe som nabo til eigedomen var ugild. Loe gjekk ifrå då gildskapen vart vurdert. Utvalet vedtok samrøystes at Loe var gild, og ho tok på nytt del i handsaminga.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kravet om einebustad for bygging av 2 mannbustad på gnr.18 bnr.203 tomt nr.4 i reguleringsplan for Stølen.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for 2 mannbustad på gnr.18 bnr.203, tomt nr.4 i reguleringsplan for Stølen.

Løyvet er gjeve i samsvar med dgs.28.03.08.

Søknader om ansvarsrettar er godkjent og fylgjer underteikna i retur.

Bustadane skal knytast til offentleg vass- og avløpsanlegg.